

Referat styremøte Region Vest tirsdag 6.august 2024

Møte foregjøkk på Teams 18.45-20.20

Tilstades: Otto Hatlebakk, Henning Pedersen, Jeanette Huttenlocher, Regina Stevens, Martin Garvik, Atle Irgens pluss varamedlemer Tea Bratulic, Eric Nilsen, Øystein Strand, samt Kristian Magnussen ansvarlig nettside nord i regionen.

Leiar Otto Hatlebakk innledet:

Regionsstyret skal prøva å få til litt den komande sesong 2024-2025. Me skal kun arbeida med det som er realistisk å få til.

Saker til behandling

1 Laga ei egen mailadresse til regionen, sånn at den er uanhengig av når det blir valgt nye folk inn i styre. Kristian Magnussen sjekkar og ordnar dette

2 Fordeling av oppgaver i styret.

Leder: Otto Hatlebakk. Følger opp den daglige driften av regionen. Innkalling til møter. Saman med Tor Bakke sørger for inn og utbetalinger. Klubb utvikling.

.....

Nestleder: Henning Pedersen, ansvarlig for samlinger. Klubb utvikling. Daglig drift saman med Otto.

.....

Styremedlem: Martin Garvik, nettsiden på vegne av sør. Oppsett 5. div sør
Regelverk for 4.-5.div.saman med Atle.

.....

Styremedlem: Regina Stevens, samlingar

.....

Styremedlem: Atle Irgens, skriver referater. Oppsett 4 div sør, samt 5 div midt. Regelverk for 4.-5.div.saman med Martin..

.....

Styremedlem: Jeannette Huttenlocher, samlingar.

.....

Vara medlem: Tea Bratulic samlingar.

.....

Vara medlem: Øystein Strand, halda oversikt over da som skjer, koma med nye idear.

.....

Vara medlem: Eric Nilsen, oppsett4-5.div. nord saman med Otto. Ansvar for Teams

Kristian Magnussen ansvar for nettside nord,deltar på møter, spesielt med henblikk på at vi skal få orden på vår nettside.

.....

Tor Bakke fører rekneskap og sørger for utbetaling saman med Otto. Får referat frå styremøter.

3 Nettsida til Region Vest

Martin Garvik og Kristian Magnussen er ansvarlig for nettsida. Her vil me ha inn alle innbydelsar og resultatert inn fortløpande så snart dei er klar. Også andre ting som innbydelse og referat frå samlingar. Referat frå styremøter legges ut så snart dei er godkjent. Otto har eit mål om at me kvar måndag skal leggja ut seriekampar komande veka, samt at aller resultatert ligger inne sundag kveld frå forrige veka. Mest mulig resultatert ut til media. Ansvarlig for dette er Otto i samarbeid med Martin og Kristian. Ellers vil Martin ta kontakt med Ghassan for å få fleire postar inn på heimeside. Martin sjekkar også mulighet for ein enkel måte for nye som vil spela bordtennis å finna fram til nermaste klubb.

4 Regionssamlingar

Henning, Regina, Tea, Jeanette har ansvar for regionssamlingar. Det er lagt opp til ei samling 2-3. november. Dei finner dato for ei samling på våren. Dette blir samling der det er uttak av våre største talenter som trenar bra. Viktig å halda kontakt med klubbtrenerane før uttak. Ellers blir det breddesamling laurdag 28. september. Fleire breddesamlingar kjem etterkvart. Invitera klubbtrenerar til samlingane.

5 Besøka nye klubbar/starta aktivitet nye plassar

Her må me sjå kva kapasitet me har i regionsstyret, me bør be om midlar og hjelp frå NBTF til dette.

6 Diverse saker

Singelseriar: Liten interesse, må bli opp til kvar avdeling i regionen

Skulemeisterskap: Blir opp til kvar plass/klubb i regionen.

Deltakelse på NBTF sitt ting i mai: Me deltek med maks. ein person, må opp til vurdering over nyttår om dette er fornuftig å bruka pengar på.

Søknad støtte frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordande idrettskret: Otto sjekkar med Anders Hovden og får hjelp til å søkja på alt som går an.

Momskompensasjon: Otto sjekkar snarast om dette er gjort av gamle styret, frist 15. august.

Søknadar frå ulike stiftelsar: Atle sjekkar opp og vurderer kvar enkel.

Laga kontaktliste for alle klubbar i regionen: Atle

Neste styremøte tirsdag 17. september på Teams

Stord 13. august 2024

Atle Irgens - referent